

SAK NR 8

EVALUERING AV NOMINASJONSPROSESSEN 2024

1. Bakgrunn

1.1 Vedtak i landsstyret

Landsstyret vedtok at alle fylkeslag skulle vedta prosess for og datoplan for nominasjonsarbeidet på fylkesårsmøta i 2024. I tillegg la landstyret disse føringane for arbeidet:

- Arbeide for listeforslag som har breidde i samansetninga
- Oppfordring til lokallaga om å legge opp gode prosessar der fristar og mulegheit for innspel er godt kommunisert ut til medlemmane
- Oppfordring til nominasjonskomiteane om å bruke notater om forventningar til kandidatane
- Nominasjonskomiteane skal oppfordrast til å delta på skolering

1.2 Mandat vedtatt på fylkesårsmøtet

Fylkesårsmøtet i Møre og Romsdal SV vedtok følgande mandat for nominasjonskomiteen:

«Nominasjonsprosessen skal sørge for at Møre og Romsdal SV stiller til valg med gode kandidatar som er klare til å gjere ein god jobb fram mot valet – og som er er klare til å ta sete i Stortinget.

Prosessen skal foregå i tråd med partiets vedtekter og på ein måte som gir alle våre medlemmar og lokallag moglegheit til å engasjere seg og kome med innspel, og slik vere med på å bestemme kven som skal representere partiet på Stortinget i perioden 2025-2029.

Det skal gis god og tidleg informasjon ut til lokallaga om prosessen og korleis spele inn forslag.

Nominasjonskomiteen skal legge vekt på god kjønnsbalanse og god geografisk fordeling, der listeforlaget i størst mogleg grad skal spegle breidda og mangfaldet blant innbyggerane våre.

Alle medlemmane i nominasjonskomiteen skal så vidt det er mogleg delta på partiets skolering for nominasjonskomiteer.»

1.3 Tidsplan vedtatt på fylkesårsmøtet

I tillegg vedtok fylkesårsmøtet denne rammeprega tidsplana for prosessen:

FRIST	AKTIVITET	ANSVAR
April	Nominasjonskomiteen kalles inn til oppstartsmøte og lager ei detaljert framdriftsplan for prosessen	Leiar i komiteen
Mai	Informasjon til alle medlemmar og lokallag om korleis fremme forslag til nominasjonskomiteen	FS
Mai	Alle frå forrige periodes valliste blir kontakta og forespurt om dei ønskjer gjenvæl	Nom.kom.
August	Frist for svar om gjenvæl	Nom.kom
31. august	Frist for å sende inn forslag til kandidatar	Alle
Primo September	Alfabetisk liste over foreslåtte kandidatar blir utarbeidd og sendt lokallaga for rangering. Det sendes <u>ikkje</u> ut eit foreløpig utkast til valliste.	Nom.kom
September	Interne prosessar og arbeid med intervjuguide	Nom.kom
Okt	Frist for å behandle forslag til kandidatar og rangering av desse	Lokallaga
Okt	Arbeid med intervju og vurdering av listesamansetting basert på eigne vurderingar og lokallaga sine innspel	Nom.kom
Ultimo okt	Frist for å avgi innstilling til valliste	Nom.kom
	Listeforslaget blir offentleggjort	FS
	Innkalle til nom.møte i tråd med reglar og fristar i vedtektene	FS
Primo nov	Digitalt medlemsmøte der kandidatane får mulegheit til å presentere seg	NK
Ultimo nov	Nominasjonsmøtet	FS

2. Nominasjonskomiteen

Desse vart valt av fylkesårsmøtet:

Oddrun Årflot, Sunndal (leiar)

Mariann Ulvestad, Ålesund (gikk ut av komiteen, erstatta av Ingunn Alver)

Oscar Toft, Molde

Jenny A. Aarnes, Haram

Viggo Jordahl, Kristiansund

SU-representant

3. Gjennomføring av nominasjonsprosessen

Nominasjonskomiteen utarbeidde ei meir detaljert tidsplan for sitt arbeid i tråd med den vedtatte tidsplana i mandatet.

Metoden med å sende ut ei alfabetisk liste og be om at lokallaga kom med forslag om rangering av kandidatane var ny i vårt fylke. I tidlegare nominasjonsprosessar har nominasjonskomiteen sendt ut eit første listeforslag på høyring i lokallaga, før nominasjonskomiteen så har presentert eit endeleg forslag.

Nominasjonskomiteen klarte å gjennomføre prosessen innan fristane som var satt i vedtatt tidsplan. Nominasjonsmøte vart gjennomført på Fjellstua, Ørskogfjellet, laurdag 30. november.

Størst debatt i forkant av nominasjonsmøtet blei det rundt spørsmålet om kjønnsfordelinga blant dei som var foreslått i toppen av lista.

4. Evaluering av nominasjonsprosessen

Nominasjonsprosessane foregår annakvart år, og i eit parti er det også naturleg at det kjem inn nye personar som skal bidra i arbeidet og som ikkje har vore med før. Da blir det ekstra viktig at vi tek oss tid til å evaluere gjennomført prosess, og sørger for at nokre læringspunkt blir notert slik at dei kan bli tatt med inn i komande prosessar.

Lokallaga og nominasjonskomiteen har difor fått mulegheit til å gi tilbakemelding på gjennomført nominasjonsprosess. Fem lokallag og nominasjonskomiteen sjølv har gitt skriftleg tilbakemelding. Tilbakemeldingane er oppsummert under. Fylkesstyret har så gått gjennom og drøfta tilbakemeldingane og gir på bakgrunn av dette nokre tilrådingar som ein ber om at fylkesårsmøtet tek stilling til, og som vil legge føringar for neste nominasjonsprosess.

Dette fungerte bra:

- Veldig forutsigbar og godt planlagt prosess
- Det organisatoriske var bra
- Slik me ser det, gjennomførte nominasjonskomiteen ein god og grundig prosess, i samsvar med mandatet dei hadde fått frå fylkesårsmøtet.

- Ros til komiteen for at dei gjennomførte fleire nettmøte der kandidatane vart presenterte, og der ein fekk høve til å diskutere kjønnsbalansen.
- Vi samarbeidde godt saman i komiteen.
- Der var mange sterke kandidatar til lista.
- Fylkessekretæren var til god hjelp og støtte.
- Det ekstra nettmøtet før nominasjonsmøtet bidrog konstruktivt.
- Det som står i mandatet om kjønnsbalanse er greit slik det står

Kva bør gjerast annleis ved neste nominasjonsprosess:

- Mandatet til nominasjonsnemnda frå fylkesleiinga var for komplisert.
- La nominasjonsnemnda vere nominasjonsnemnd, og komme med eit utkast som lokallaga så kan diskutere og reagere på.
- Vi bør halde på eit prinsipp om at parti og politikk går framfor person i kandidatval. At ein kandidat har ein litt større ambisjon om ein plass høgt på lista bør ikkje veie tyngre enn ein mindre ambisjon hos ein kandidat som kan gjere eit bedre valg for partiet i fylket ved eit Stortingsvalg.
- Vi bør også halde godt følge med kva fogderi som får toppkandidatar hos andre parti. Om det tilfeldigvis blir slik at eitt fogderi dreg av garde med alle topp-plassane vil ikkje det gje i alle fall vårt parti noko fortrinn på valgdagen.
- Nominasjonskomiteen bør ha et klart mandat fra årsmøtet for å få til ei liste som er representativ og som sikrer oss stemmer i områder der vi tradisjonelt får mange stemmer.
- Å stille med ei liste der de øverste kandidatene er av samme kjønn er for dårlig.
- Det er vanskelig når nominasjonskomiteen legger stor vekt på uttalelser fra lokallaga som ikke er samkjørte.
- Når lokallaga skal uttale seg bør de ha bedre kunnskap om kandidatene.
- Styret vårt er litt delte når det gjeld korleis mandatet bør endrast. Nokre meiner den prosessen som vart gjennomført kan takast med vidare (innspel, alfabetisk liste og rangering), men at komiteen må ta heilskapleg omsyn, mellom anna til kjønn, når dei lagar sitt framlegg. Andre meiner prosessen med rangering var forstyrrande, og at komiteen bør få fullmakt til å gjennomføre intervju/lage si innstilling ut frå dei innkomne framlegga i første runde, som så vert sendt ut på høyring til lokallaga før endeleg framlegg vert presentert.
- Ja, tidsfristene og tidsplanen var greie, men det vi skulle uttale oss om var litt for løst

- Nominasjonskomitear bør informerast om at dei skal ha tilgang til medlemsregisteret i Møre og Romsdal SV, og få opplæring i korleis dei skal bruke det.
- Berre nominasjonskomiteen bør sende ut e-postar til lokallaga (evt via fylkessekretær) om det som angår nominasjon. Dette bør ikkje sendast ut på ein måte der det er mulig å gi "svar til alle".
- Vi trur det kan vere til hjelp i prosessen om nominasjonskomiteen sender ut eit forslag til liste etter at lokallaga har meldt inn sine forslag til kandidatar, og at lokallaga kan foreslå eventuelle endringar på dette forslaget.
- Vi burde ha masa meir på lokallaga for å få den informasjonen vi ba om. Det var veldig få som sende anna informasjon enn berre namn. Alder, yrke og ønske om plass/reservasjon om plass på lista var det få lokallag som kom med.
- I tillegg til desse opplysingane bør lokallaga "selge inn" sine lokale kandidatar, med opplysingar om kvifor denne kandidaten bør stå på lista. Minimum om ei kvinne og ein mann. Då kan kjønnsbalansen betre sikrast.
- Lokallagsleiar bør informerast om at dei har lov til å gi ut informasjon om eigne medlemmer til nominasjonskomiteen.

Tidsplana

- Bør definitivt avholde nominasjonsmøte mye tidligere!
- Tidsplana fungerte fint
- Ein bør kome i gang med arbeidet så fort som mulig etter fylkesårsmøtet. Første brev til lokallaga kan gjerne kome ut tidlegare enn det gjorde no. Etter sommarferien fungerte tidsfristane akkurat så vidt det var for nominasjonskomiteen. Fristane kunne ikkje vore annleis korkje for oss, eller med omsyn til kandidatane.

Andre kommentarar blant anna om kjønnsfordeling

- Eg er imot ein strikt annakvar mann-og-kvinne-regel. Det blir ei tvangstrøye, for andre variablar enn kjønn må vere viktigare. Ikkje minst villigheit og eignaheit. Og så er det vel noko med geografi, attåt.
- Lista må være sånn at pressa blir interessert i personene på lista. Vi må slippe å få presseoppslag fordi at lista mangler balanse når det gjelder kjønn, alder og geografi.
- Det som vart utfordringa, var sjølvsagt at komiteen valde å nominere fire kvinner på topp, trass i det som står i retningslinjene; Nominasjonskomiteen skal legge vekt på god kjønnsbalanse. Me har forståing for bakgrunnen for dette, men som me veit meinte fleirtalet på nominasjonsmøtet at dette ikkje kunne godtakast. Når dette vart slik, vil me gje ros til komiteen for at dei gjennomførte fleire nettmøte der kandidatane vart presenterte, og der ein fekk høve til å diskutere kjønnsbalansen.

5. Fylkesstyret sine tilrådingar til framtidige nominasjonsprosessar

På bakgrunn av erfaringane vi gjorde oss i nominasjonsprosessen 2024 og tilbakemeldingane frå lokallag og nominasjonskomiteen, vil fylkesstyret tilrå at vi ved utarbeiding av mandat og tidsplan for komande prosessar sørger for å:

- a) Starte prosessen så snart det er praktisk mogleg etter at fylkesårsmøtet er gjennomført
- b) Ved tidlegare oppstart av nominasjonsarbeidet også vurdere om vi også kan klare å gjennomføre nominasjonsmøtet nokre veker tidlegare
- c) Fylkessekretær fungerer også som sekretær for nominasjonskomiteen
- d) Nominasjonsnemnda utarbeider eit fullstendig første listeforslag som blir sendt til høyring hos lokallaga, før endeleg listeforslag blir utarbeidd
- e) Dette punktet i mandatet blir vidareført: *«Nominasjonskomiteen skal legge vekt på god kjønnsbalanse og god geografisk fordeling, der listeforlaget i størst mogleg grad skal spegle breidda og mangfaldet blant innbyggjarane våre.»*
- f) Når lokallaga skal gi innspel må dei gi tilstrekkeleg og relevant informasjon om kandidatane. Alder, yrke, ønske om plass/reservasjon mot plass er minimum, i tillegg til argumentasjon rundt kvifor denne kandidaten bør stå på lista.